



En kvinne holder et barn i komse, fotografert av Anders Beer Wilse i 1925.

KETIL ZACHARIASSEN

## **«Ingen kan komme forbi at samernes krav er retfærdige.»**

### **Arbeidarpartiet si haldning til etnopolitiske krav på 1920-talet.**

I Norge har samane på mange måtar alltid vore «dei andre». På den eine sida har det langt tilbake i tid vore ein aksept for at samane er ei av folkegruppene som alltid har vore i landet. Det vil seie eit urfolk som hadde sin heimstamn innan det norske territoriet, som hadde krav på særskilt vern og som hadde særskilte rettar. På den andre sida har samane alltid vore sett på som «dei andre», som eit eige folk og ein eigen nasjon med sitt eige språk og kultur.<sup>1</sup> Slik har dei vore «dei norske andre», eller om ein vil: Norsk, utan å vere norske. Det har ført til, og førar framleis til, mange typar spenningar og konflikhtar på ulike felt og nivå.

Tema for artikkelen er Arbeidarpartiet si haldning til samane og spørsmålet om Norge som ein fleirkulturell nasjon på 1920-talet. Bakgrunnen for at spørsmålet om ein kulturelt pluralistisk nasjonalstat blei aktualisert da var at den samiske opposisjonen i Finnmark utvikla eit ideologisk forsvar av ideen om Norge som ein fleirkulturell nasjon. Dette tankegodset, som var utvikla av den samiske læraren Per Fokstad (1890-1973) på byrjinga av 1920-talet, representerte ein heilt ny måte å sjå på på tilhøvet mellom språk, kultur, etniske minoritetar og nasjonen på. I sitt arbeid aviste Fokstad den rådande assimilerings- og fornorskingspolitikken og hevda at samane, i kraft av å vere eit eige folk, hadde rett til opplæring i eige språk og til utvikling av eige kultur og samfunnsliv. Dette tankegodset var banebrytande og representerte noko genuint nytt i samisk og norsk samfunnsliv. Kring midten av 1920-talet fekk Fokstads tankar gjennomslag i Arbeidarpartiet lokalt i Finnmark. Ikkje alle i arbei-

darrørsla støtta tanken om ein fleirkulturell nasjon. Det er også døme på dei som hevda at samane burde innordne seg i arbeidarklassen på lik linje med alle andre arbeidarar. Likevel fekk den samepolitiske opposisjonens krav støtte av fleire av toppane i den sentrale partileiinga. Kva låg til grunn for Fokstads og den samiske opposisjonens krav og kva var årsaka til at Arbeidarpartiet støtta krava, både lokalt og nasjonalt?

Før eg går nærare inn på Arbeidarpartiet si haldning til samane og dei etnopolitiske krava vil eg gje ein kort presentasjon av fornorskingspolitikken. Så kjem ein gjennomgang av dei ulike fasane i den etnopolitiske mobiliseringa i nord før 1940. Deretter følgjer ein presentasjon av Per Fokstad og hans tankar om samisk språk og kultur og eit fleirkulturelt Norge. Etter det vender eg blikket mot Arbeidarpartiet og ser korleis dei samiske krava blei møtt lokalt i Finnmark, i andre fylker og i partiet si sentrale leiing kring midten av 1920-talet. Til slutt drøftar eg årsaka til at den politiske kampen for samisk språk og kultur stoppa opp på slutten av 1920-talet og sett fram ei hypotese om årsaka til at Arbeidarpartiet ikkje fremma krav som opna for ein fleirkulturell samfunnsskipnad etter 1924.

## **Fornorskingspolitikk og nasjonal konsolidering**

Den norske staten har over lang tid, på ulike vis og med varierende intensitet søkt å innlemme samane religiøst, økonomisk, politisk, kulturelt og språkleg i det nasjonale fellesskapet. Fornorskingspolitikken, som også var omgrepet som blei nytta i samtida, tok til på 1850-talet og var den rådande norske politikken retta mot samane og kvenane, det vil seie finskspråklege innvandrarar og deira etterkommarar i Troms og Finnmark. Sjølv om fornorskingspolitikken formelt blei avvikla etter andre verdskrig blei den i praksis vidareført på mange samfunnsfelt heilt fram mot slutten av 1980-talet. Fornorskingspolitikken var del av ei indre konsolidering av den norske staten. Opp gjennom tidene har konsolideringstiltaka retta mot minoritetane i nord vore grunngeve på ulikt vis; frå misjonering og sivilisasjonsideologisk tenking på den eine sida og til økonomisk vokster og grensesikring i dei såkalla utsette grensestroka på den andre sida.<sup>2</sup> Målsettinga med fornorskingspolitikken stod heile tida fast: Å assimilere samane inn i den norske språk- og kulturfellesskapen.

Rundt 1900 blei fornorskingspolitikken intensivert og utvida slik at den omfatta dei fleste sidene av samfunnslivet i Finnmark. I tiåra som følgde var fornorskingspolitikken så gjennomgripande på samfunnslivet i Finnmark at det har vore karakterisert som eit territorialt avgrensa nasjonsbyggingsprosjekt.<sup>3</sup>

Den intensiverte fornorskingspolitikken på byrjinga av 1900-talet førte til protestar og reaksjonar frå samisk hald, og gradvis vaks ein

samepolitisk opposisjon fram. Den etnopolitiske motstanden fall i tid saman med framveksten av den nordnorske arbeidarrørsla og i tiåra som følgde søkte desse to mothegeemoniske ideologiske prosjekta tidvis saman.<sup>4</sup>

## Samepolitisk mobilisering i tre fasar

Den samepolitiske mobiliseringa i Norge før 1940 kan delast inn i tre fasar ut frå styrken, omfanget og innhaldet i den etnopolitiske reisninga. I den første fasen, frå 1904 til 1912, blei det mobilisert på etnopolitisk grunnlag både i dei nordsamiske og dei sørsamiske områda. I Finnmark sprang mobiliseringa i Finnmark ut frå den samiskspråklege avisa Sagai Muittalægje (1904-1911), redigert av den samiske læraren Anders Larsen (1870-1949), og det språklege og etniske fellesskapet den skapte. I sør blei det som følgje av sterkt press mot reindrifta mobilisert både i Nordland og i Trøndelag. I spissen for organiseringa i det sørsamiske området stod jordmor og reindrifutøvaren Elsa Laula Renberg (1877-1931) og læraren Daniel Mortensson (1860-1924), redaktør av den norskspråklege samiske avisa Waren Sardne (1910-1913 og 1922-1927). I det nordsamiske området stod kampen for samisk språk og kultur og mot fornorskingspolitikken i sentrum, men mobiliseringa hadde også ein økonomisk og sosial dimensjon. Den samiske opposisjonen fekk i denne perioden eit politisk gjennombrot i Finnmark og fekk, etter å ha teke initiativet til ein allianse med Arbeidarpartiet, valt inn den samiske læraren Isak Saba (1875-1921) på Stortinget i 1906. Saba blei attvald i 1909 før han med knappast mogleg margin tapte valet i 1912. Valnederlaget og nedlegging av Sagai Muittalægje i 1911 og av Waren Sardne i 1913 markerar slutten på den første fasen med samepolitisk mobilisering. No følgde nokon stille år og perioden frå 1913 og til 1916 er karakterisert av mangel på motstand mot fornorskingspolitikken og etnopolitisk mobilisering.

I den andre fasen, frå 1917 til 1921, blir det igjen mobilisert for samisk språk og kultur og mot fornorskingspolitikken. Krava var på mange vis dei same som før, men mobiliseringa kom til uttrykk på anna vis. No stod organisering og møteverksemd i sentrum. Initiativet kom frå sør og Elsa Laula Renberg var føregangskvinne. Det første samiske landsmøtet i Trondheim i 1917 var eit resultat av hennar arbeid. I Finnmark blei det i Tana arrangert store samemøter både i 1919 og 1920 og det blei også skipa ein landsorganisasjon; Sámi Sentralsearvi (Samisk Sentralforbund). Trass periodevis stor aktivitet var det vanskeleg å halde mobiliseringa ved like, ei viktig årsak til det var mangelen på ei eige samisk avis. I den første fasen hadde den økonomiske og sosiale dimensjonen ved den etnopolitiske mobiliseringa vore viktig, men den dimensjonen mangla i desse åra. Det blei heller ikkje gjort forsøk på å få til samarbeid eller alli-



Isak Saba var lærer og Stortingsrepresentant for Arbeiderpartiet i perioden 1906-12. Han drev også innsamling av folkeminner og musikk blant samene.

ansar med politiske parti. I Finnmark blei det i staden mobilisert etnopolitisk gjennom ei eige uavhengig samisk liste i samband med stortingsvalet i 1921. Det gjekk dårleg. Likeins gjekk det med den samiske landsorganisasjon og det tillyste samiske landsmøtet vinteren 1921. Etter desse tilbakeslaga stoppa den breie samepolitiske mobiliseringa på mange vis opp i både dei nord- og sørsamiske områda.

Paradoksalt nok var det nettopp i 1921 at dei første stega i retning av ein ideologisk plattform til forsvar av ideen om Norge som ein kulturelt pluralistisk nasjonalstat blei teke. I den tredje fasen, i åra fram 1925, blei

det utvikla eit forsvar av samane sin rett til å utvikle eigen kultur, eige språk og eige samfunnsliv i ein modell som tok utgangspunkt i ei fleirkulturell samfunnsbygging. Desse tankane fekk i 1924 gjennomslag i Arbeidarpartiet i Finnmark, dei låg til grunn for partiet sitt samepolitiske program til stortingsvalet same år, og fekk også gjennomslag sentralt i partiet i åra som følgde.

Trass i oppsvinget i den samepolitiske aktiviteten som følgje av at samerørsla og Arbeidarpartiet søkte i hop, stoppa den samepolitiske mobiliseringa i Finnmark brått opp. Frå 1925 og fram til 1940, det som har vore omtalt som den samepolitiske fimbulvinteren, er det nærmast ingen teikn til etnopolitiske strev, verken innan Arbeidarpartiet eller i det offentlege ordskiftet elles. Eit unntak er den samiske opposisjonen si mobilisering i nordre Nordland ved stortingsvalet i 1927. Inspirert av den samiske opposisjonens gjennomslag i arbeidarrørsla i Finnmark tre år tidlegare fremma dei eit liknande program i Nordland, men krava fekk der ikkje den same positive mottakinga som i Finnmark.<sup>5</sup>

## **Per Fokstad: Samepolitisk strateg og arbeidarpartipolitiker**

Det var den samiske læraren Per Fokstad, frå bygda Bonakas i Tana i Finnmark, som i åra 1921 til 1924 utvikla tankegodset om at samane, i kraft av å vere eit eige folk, hadde ein menneskeleg rett til å utvikle sitt språk, sin kultur og sitt samfunnsliv. Den samiske opposisjonen hadde tidlegare kjempa for rett til lese- og skriveopplæring på morsmålet, men krava hadde da ikkje vore forankra i eit heilskapleg kultursyn. Fokstad sine tankar representerte i samtida noko heilt nytt og banebrytande ved at han avviste den rådande assimilerings- og fornorskingspolitikken og hevda at Norge var ein stat tufta på to folks språk og kultur. Tankegodset Fokstad la til grunn for si tenking var, som eg skal kome tilbake til, på ei og same tid både typisk for 1920-talet og langt føre si tid. Mange av krava Fokstad reiste har dei seinaste 30 år blitt innfridd.<sup>6</sup>

Fokstad gjorde sine tankar kjent gjennom to skoleplanar og ein artikkel, først i 1921 gjennom planen for ein samisk folkehøgskole, så i 1923 i artikkelen «Samiske tankar og krav» i *Norsk Aarbok* og til slutt gjennom sitt «forslag til en samisk (lappisk) skoleplan, utarbeidet for den parlamentariske skolekommissjonen». Forslaget tok for seg alle nivå i skolen, frå første år på folkeskolen til siste året på gymnas.<sup>7</sup>

Allereie i 1917 hadde Fokstad tatt steget ut i det offentlege norskspråklege ordskiftet med artikkelen «Hvordan fornorskningen i barneskolen grep ind i mit liv». Det var starten på eit engasjement for samisk språk og kultur som skulle bli langvarig – i 1956-59 var han som aktiv arbeidarpartipolitiker med i Samekomiteen og i 1968 tok han del i skipinga av

Norske Samers Riksforbund. Som ingen andre representerte Fokstad kontinuiteten i den samepolitiske opposisjonen, frå 1917, gjennom mellomkrigstida og så i samband med at den offisielle norske politikken overfor samane gradvis blei lagt om etter 1945. Fokstad var slik med på å gje retning både til samerørsla og til omlegginga av Arbeidarpartiet sin same- og minoritetspolitikk.



Per Fokstad kjempet for en samisk skole på 1920-tallet, og satt senere som leder for Samisk råd for Finnmark så lenge dette eksisterte (1953-64).

Fokstad var utdanna lærar frå Tromsø Lærarskole og arbeidde heile livet som lærar og rektor i skolen i Tana. På slutten av 1910-talet var han på fleire lange studieopphald i utlandet. Først i 1915, da han reiste til Danmark og Askov Højskole. I 1919-20 var han to semester i England på kvekarane sitt studiesenter Woodbrooke College i Birmingham. Til slutt reiste han til Paris, der han følgde dei opne førelesingane ved Collège de France hausten 1920. Her var det særleg vitshistorie og filosofi som opptok Fokstad, og da særleg tankegodset til Henri Bergson og William James. Innimellom studieopphalda tok han aktivt del i den samepolitiske mobiliseringa heime i Finnmark.<sup>8</sup>

I sitt arbeid hevda Fokstad at samane, sjølv om dei blei språkleg fornorska, aldri ville kunne bli norske i kulturell forstand. Samane hadde, på same vis som alle andre folkeslag ei ættearv, ei «folkesjel/folkeinstinkt», som gjekk langt tilbake i tid og som kom til uttrykk gjennom morsmålet. Det samiske språket romma ifølgje Fokstad alt som samane hadde tenkt, kjent og erfart opp gjennom tidene og i språket låg nasjonalkjensla. Utan nasjonalkjensla var det ikkje mogleg å yte kulturelle bidrag. Om samane blei fornorska hevda Fokstad at deira «folkesjel» ville døye og at samane ville bli eit kulturlaust, sosialt og økonomisk proletariat utan nasjonalkjensle, ope for alle slags ideologiske straumdrag.<sup>9</sup>

På byrjinga av 1920-talet var desse tankane nye og banebrytande ikkje bare i Norge men i heile det samiske området. Tankegodset representerte noko nytt med omsyn til korleis samane som folk blei omtala og behandla i norsk politikk og offentlegheit. At eit «naturfolks» kultur og språk hadde eigenverdi på same vis som eit «kulturfolks» kultur og språk braut grunnleggande med den i samtida rådande tenkinga om folkegruppernes over- og underordning ut frå deira fysiske-antropologiske eigenskapar og deira psykologiske karakter.<sup>10</sup> Fokstad si tenking braut slik både med korleis såkalla samevennlege nordmenn tidlegare hadde argumentert for bruken av samisk språk i skole og kyrkje og ho braut med korleis den samepolitiske opposisjonen før hadde argumentert for kollektive samiske rettar og for retten til undervisning og kyrkjelege tenester på morsmålet.

Sjølv om Fokstad sine tankar var banebrytande og nye, var grunnlaget for dei, det vil seie korleis han såg på tilhøvet mellom nasjon, kultur

og individ, kjent og allment akseptert i samtida. I si tenking og sin omgrepsbruk hadde Fokstad til dømes svært mykje til felles med Erling Kristvik (1882-1969), den leiande norske pedagogen i samtida. Kring 1920 utvikla han sine tankar om norsk folkedanning og nasjonens kulturelle utvikling. Rune Slagstad har til dømes løfta fram Kristvik som ein av sine nasjonale strategar og hevdar han representerte «en hegemonisk tenkemåte blant skolefolket i denne perioden».<sup>11</sup> I dag ville både Fokstad og Kristvik sitt syn på tilhøvet mellom individ, nasjon og kulturell utvikling karakteriserast som essensialistisk og dertil problematisk. Slik var det ikkje i deira samtid, da var det allment tankegods som var kjent og gav gjenklang i det offentlege ordsiftet.

Hos Kristvik blei dette tankegodset nytta til å forsvare eit etnosentrisk og monokulturelt syn på kultur og nasjon. Fokstad derimot nytta det til å utvikle eit forsvar av samane sin rett til å utvikle eige språk, kultur og samfunnsliv innan rammene til den norske staten.

Fokstad sine tankar om ei fleirkulturell samfunnsbygging tok utgangspunkt i to folk, nordmenn og samar. At andre etniske grupper i Norge, som til dømes kvenane, kunne ha tilsvarande rettar blei ikkje problematisert av Fokstad. Men truleg meinte han at samane, i kraft av å vere eit folk som hadde vore der før nordmennene koloniserte Finnmark, hadde ein særskilt rett til å utvikle sitt språk, sin kultur og sitt samfunnsliv. Slik sett var det eit tokulturelt syn Fokstad forfekta. Når eg har valt å karakterisere det som ei fleirkulturell tenking er det fordi det braut med det i samtida rådande monokulturelle synet på nasjonen og slik opna for ei nasjonsbygging med utgangspunkt i fleire kulturar.

## **Finnmark Arbeidarparti og det samiske program**

Hausten 1924, ei knapp veke før vallistene blei gjort kjent, kunne ein lese på framsidene til Arbeidarpartiavisene Finmarken og Vestfinmark Arbeiderblad: «Samernes program (Tillæg til Det norske arbeiderpartis ordinære stortingsvalgprogram for Arbeiderpartiet i Finnmark fylke).»<sup>12</sup> Om bakgrunnen for programmet skreiv redaktør Peder Holt (1899-1963) i Finmarken:

De [samene] har tidligere prøvet aa stille egen liste for aa fremme sine berettigede krav, men er kommet til det resultat at hvis de skal opnaa noget maa de solidere sig med alle de andre undertrykte i vaart land. Som rimeleg kan være har de da fundet veien fram til Det norske arbeiderparti, [...]»<sup>13</sup>

Programmet, som i etnopolitisk forstand var svært radikalt, var nærmast ein blåkopi av dei krav Fokstad hadde fremma gjennom artiklar og skole-



planar. Da partiet si valliste ble presentert inneheldt den fleire kjente samepolitiske aktivistar som til dømes Klemet Pedersen Solbakken (1878-1926) som hadde vore leiar av Sámi Sentralservi i åra 1919 til 1921. Nokon dagar seinare skreiv Vestfinmark Arbeiderblad:

Fornorskningen av sameerne har ført det dit hen at de som folk betragtet staa foran et være eller ikke være. Deres eneste redning er at de faar sit morsmaal tilbake - faar dyrke det og utvikle det. Skaden er forvoldt av de norske magthaverne - deriblandt Venstre - og da faar man ogsaa finde sig i at utbedre skaden selvom det koster. Det vil Venstre aldrig komme til at gjøre og derfor er det ogsaa at sameerne har sluttet sig til de norske arbeidere. [Avisen] «Nordkap» er neppe klar over at alle undertrykte nu er paa opmarsj i kampen for samfunnsmagten og retfærdige tilstande.<sup>14</sup>

Arbeidarpartiavisene i Finnmark, og slik også Arbeidarpartiet, stilte seg ikkje bare bak dei samiske krava, dei gav dei også legitimitet; samane var norske statsborgarar og hadde den same retten som andre til å ta del i samfunnets kulturelle, sosiale og økonomiske gode. Det Finmarken og Vestfinmark Arbeiderblad her tok til orde for, var i realiteten ein fleirkulturell samfunnsskipnad. Peder Holt hevda at dei krava samane hadde sett fram, om rett til morsmålsopplæring, utdanning, jord, eit levebrød og til økonomisk tryggleik, ikkje var forskjellige frå dei krava arbeidarar, fiskarar og småbrukarar hadde. Dei samiske krava var likeverdige med andre undertrykte arbeidsfolks krav, og kampen mot undertrykkarane kunne bare vinnast i fellesskap. Arbeidarpartiavisene i Finnmark skreiv slik samane inn i arbeidarrørslas store fellesskap og innlemma samane i Arbeidarpartiet sitt mothegemoniske prosjekt.

I arbeidarrørsla var ikkje Arbeidarpartiet aleine om å gje legitimitet til dei samiske krava i 1924, det same gjorde Norges Kommunistiske Parti. I partiavisa Finnmark Fremtid kom det til uttrykk slik:

mot denne urettferdige undertrykkelse av de helligste følelser hos et folk, er ikke bare berettiget, men ogsaa paakrevet. Skal samefolket ikke helt forsvinne, maa der settes en stopper for den urettferdige fornorskning.<sup>15</sup>

Kva var årsaka til at Arbeidarpartiet i Finnmark opna for og støtta eit eige samisk program? Knut Einar Eriksen og Einar Niemi har hevda at når Arbeidarpartiet godtok eit eige samisk program, var det ikkje eit resultat av nokon djup interesse for minoritetspolitikk, at kulturpluralistiske tankar hadde liten eller ingen støtte blant leiarane i Arbeidarpartiet og at krava om etnisk likeverd bare blei akseptert i valkampsamanheng lokalt.<sup>16</sup>

At Arbeidarpartiet ikkje eigentleg var interessert i etnopolitikk og bare meir eller mindre motvillig støtta dei kulturpluralistiske krava, og da bare i samband med valkampar, har også Henry Minde hevda. Han meiner at krava bare blei godteke så lenge dei ikkje «vakte motstand hos andre grupper i Arbeidarpartiet».<sup>17</sup> Spørsmålet er da om Samernes program var av ein slik art. I avisene Finmarken og Vestfinmark Arbeiderblad kom ingen motstand mot Samernes program til syne i 1924. Tvert om hadde begge avisene artiklar og innlegg som støtta samane sine krav. Til dømes gjekk Vestfinmark Arbeiderblad ved fleire høve til angrep på Nordkap, venstrevisa i Finnmark, og deira påstand om at Samernes program bare var eit valfrieri.<sup>18</sup> Fråver av motstridande interesser er likevel ikkje nok til å forklare at Arbeidarpartiet ikkje berre opna for eit eige samisk program, men også innlemma dei samiske krava i partiet sitt ideologiske prosjekt, slik Finmarken og Vestfinmark Arbeiderblad hadde gjort.

Det er sjølvsagt ikkje mogleg å sjå bort frå at kampen om veljarane var ein av årsakene til at Arbeidarpartiet i Finnmark støtta dei samiske krava ved stortingsvalet 1924. Valet var det første etter at Arbeidarpartiet i 1923 hadde brote med Moskva. Partiet nekta å underordne seg Komintern, med den følgje at kommunistane hadde gått ut av partiet og stilte eige liste i Finnmark under fana til det nyskipa Noregs Kommunistiske Parti. At samane var ei stor og viktig veljargruppe i Finnmark er det liten tvil om. Den samiske befolkninga utgjorde kring ein tredjedel av veljarane på 1920-talet og tidlegare val, til dømes da Isak Saba blei valt til Stortinget frå Aust-Finnmark i 1906 og 1909, hadde synt at tilslutninga deira kunne vere avgjerande for valresultatet.<sup>19</sup>

Det er likevel grunn til å tru at det låg eit djupare ideologisk motiv bak Finnmarks Arbeidarpartis tilslutning til dei samiske krava. Styrken og argumentasjonen i støtta til dei samiske krava peikar i retning av at dette var meir enn eit frieri til dei samiske veljarane og at det var eit reelt ønske om ein fleirkulturell samfunnsskipnad som låg til grunn. I så fall er spørsmålet kor inspirasjonen til dette tankegodset kom frå. Det skal eg snart kome tilbake til.

## Arbeidarpartiet og den «samiske skoleplan»

I 1926 la den parlamentariske skolekommissjonen (1922- 1927) under leiing av Anton Ræder (1855-1941), rektor ved Oslo katedralskole, fram si innstilling om folkeskolen på landet. Som ein del av dette blei også Per Fokstad sin samiske skoleplan vurdert og kommentert. I si utgreiing peika kommisjonen på at den framlagte planen ikkje bare var ei justering eller tilpassing av eksisterande skoleordning, den innebar eit markant brot både med tanke på korleis den norske folkeskolen var organisert,

At samane var ei stor og viktig veljargruppe i Finnmark er det liten tvil om.

på skolens innhald og på korleis det blei undervist.<sup>20</sup> Det var likevel ikkje det pedagogiske, metodiske eller faglege innhaldet i planen som kommisjonen la størst vekt på. Først og fremst kritiserte den parlamentariske skolekommisjonen det grunnleggande tankegodset som Fokstad hadde lagt til grunn:

Den tanke som ligger til grunn, går ut på at samene kan og bør heves op til et kulturfolk med eget nasjonalt sprog og litteratur. Denne tanke mener han vil kunne realiseres blant annet ved å gjøre det samiske sprog helt sidestillet med norsk i skole, kirke og administrasjon. [...] Kravet går med andre ord ut på at Norge skal sørge for å få utviklet en samisk åndskultur, noget som ennå ikke finnes.<sup>21</sup>

Den parlamentariske skolekommisjonen avviste den samiske skoleplanen på grunn av at samane aldri hadde utvikla nokon eige form «for et fastboende liv avpasset kultur» og hevda at det var svært tvilsamt om det kunne skje da «folkets hele egenart og begavelse peker ikke i den retning».<sup>22</sup>

To av dei 15 medlemmane i den parlamentariske skolekommisjonen reservert seg mot innstillinga. Det var historieprofessor Edvard Bull d.e (1881-1932), nestleiar i Arbeidarpartiet og partiet sin sentrale ideolog på 1920-talet, og Gitta Jønsson (1869-1950) frå Tromsø, kvinnesaksforkjempar og medlem av Arbeidarpartiet sitt landsstyre. I sin dissens skriv dei:



Historieprofessor Edvard Bull var nestleder i Arbeiderpartiet, og blant de få i den parlamentariske skolekommisjonen som støttet tankene til Fokstad.

Vi [...] finder ikke at der ved denne innstilling er tatt så meget hensyn som nødvendig og ønskelig er, til bevaring og utvikling av samisk mål og kultur i sin almindelighet og til behovet for større kyndighet i samisk hos lærerne i de blendede distrikter. Vi mener at disse hensyn best kan tilgodeses ved opretholdelsen av den samiske ungdomsskole, i det vesentlige bygget på lærer Fokstads plan [...].<sup>23</sup>

Når vi kjenner til bakgrunnen for og innhaldet i Per Fokstad sin samiske skoleplan må Bull og Jønsson sin dissens, det vil seie deira støtte til samisk språk og kultur og til skoleplanen, tolkast som ei tilslutning til tankegodset som låg til grunn; det vi si Norge som ein fleirkulturell nasjonalstat. Truleg var dette eit standpunkt som var kontroversielt også innan Arbeidarpartiet.

Til dømes stilte partiet sitt tredje medlem i den parlamentariske skolekommisjonen, læraren Martin Svebstad (f. 1869) frå Sør-Trøndelag, seg bak Ræder og fleirtalet i kommisjonen.

1920-talet var ei tid med sterke ideologiske spenningar både innan arbeidarrørsla og mellom dei ulike klassene og gruppene i samfunnet.

Motsetningar som også kjem fram i skolekommissjonens innstilling.<sup>24</sup> Til dømes hadde dei tre kommisjonsmedlemmene frå Arbeidarpartiet protokollført ein merknad om arbeidet sitt i skolekommissjonen ut frå eit sosialistisk klasseperspektiv. Det gjev eit godt innblikk i korleis dei såg på makttilhøva i samfunnet og deira deltaking i kommisjonen:

Skolen er, i likhet med andre viktige institusjoner, et uttrykk for makt og interesseforholdene i det samfund, den virker i, og det er derfor umulig i det bestående kapitalistiske samfund å skape en tilfredsstillende socialistisk skoleordning; denne umulighet gjelder både overfor den organisatoriske opbygning av skolen - som er nærværende kommisjons arbeidsområde - og overfor selve ånden og innholdet i skolen.<sup>25</sup>

## Inspirasjonskjelder

Per Fokstad sine tankar om Norge som ein fleirkulturell nasjonalstat fekk, som synt, til ein viss grad gjennomslag i Arbeidarpartiet på midten av 1920-talet. Likeins støtta partiet, både i Finnmark og i den sentrale partileiinga, opp om den samiske opposisjonens kritikk av den rådande assimilerings- og fornorskingspolitikken og om krava om rett til opplæring i eige språk og til utviklinga av eige kultur og samfunnsliv.<sup>26</sup>

Om vi ser bort frå kampen om veljarane: Kva var årsaka til at Arbeidarpartiet opna for ein fleirkulturell samfunnsskipnad og innlemma dei samiske krava i partiet sitt ideologiske prosjekt?

På byrjinga av 1920-talet blei spørsmålet om etniske, religiøse og språklege minoritetar sine rettar problematisert frå to ulike hold: På den eine sida frå Folkeforbundet og dei minoritetspolitiske problemstillingane som melde seg i samband med fredsavtalane etter 1. verdskrig. I mange land var det minoritetar av ulike slag, og i avtalane blei det innarbeidd eit system med retningsliner som skulle sikre etniske, religiøse og språklege minoritetar eit minimum av rettar. Særleg viktig var retten til språkopplæring og til å ha eigne skolar og utdanningsinstitusjonar. Eitt av desse landa var Finland der dei svenskspråklege finnane i 1921 fekk sine rettar stadfest og sikra av avtalen som var utarbeida av Folkeforbundet. Det minoritetspolitiske tankegodset frå Folkeforbundet fekk i liten og ingen grad gjennomslag i det norske ordskiftet. Så sjølv om Norge og norske politikarar aktivt støtta arbeidet med fredsavtalane ser det ikkje ut til at desse ideane blei sett i samanheng med norsk minoritetspolitikk.<sup>27</sup>

På den andre sida blei minoritetspolitiske problemstillingar aktualisert av Norges store nabo i aust, Russland. Like etter Oktoberrevolusjonen i 1917 hadde Lenin og Stalin signert ei erklæring som søkte å gjere slutt på



I Sulitjelma på 1920-tallet; her ser vi samer og norske arbeidere sammen foran lavvoen.

diskrimineringa av dei etniske og religiøse minoritetane i landet gjennom å sikre dei likeverd med andre borgarar og ei sjølvstendig utvikling. Året etter blei erklæringa innarbeidd i konstitusjonen, og i tillegg skulle alle etniske grupper ha rett på autonome område. Fram mot byrjinga av 1930-talet, da minoritetspolitikken brutalt og utan nåde blei lagt om, retta Sovjetunionen ein særleg innsats mot dei nordlege områda av landet, mellom anna med ein eigen komité som skulle arbeide for å fremme økonomisk og kulturell utvikling av folkegruppene i nord. Målet var at dei skulle vere nasjonale i form og sosialistiske i innhald. Ei av dei folkegruppene dette arbeidet retta seg mot var austsamane på Kola-halvøya. Ei prioritert oppgåve var alfabetisering og morsmålsopplæring og som eit ledd i dette blei utdanning av lærarar med minoritetsbakgrunn eit satsingsfelt. Det blei mellom anna etablert eit eige pedagogisk institutt ved Universitetet i Leningrad som hadde til oppgåve å arbeide med problematikk relatert til minoritetane i nord.<sup>28</sup>

Det er ingen direkte referansar til sovjetisk politikk i kjeldene, men det er likevel grunn til å tru at Arbeidarpartiet si klare pro-samiske haldning kring midten av 1920-talet var inspirert av sovjetisk minoritetspolitikk. Dei norske sosialistane, og da særleg i Finnmark, kjende i alle fall svært godt til kva som rørte seg innan russisk og sovjetisk politikk på 1920-talet.<sup>29</sup> I Finnmark hadde det sidan hundreårsskiftet vore ein omfattande kontakt mellom norske og russiske sosialistar, ein kontakt som heldt seg

til langt utpå 1920-talet. Vardø var også etter den russiske revolusjonen i 1917, eit knutepunkt for den norske arbeidarrørslas kontakt med Russland. Ein av dei som hadde kontakt med bolsjevikane var Peder Holt, Vardøavisa Finmarken sin redaktør og sentral leiar i Arbeidarpartiet i Finnmark.<sup>30</sup> Kjennskapen til sovjetisk politikk var generelt god innan Arbeidarpartiet på 1920-talet, og da særleg i Finnmark. At Peder Holt og Finnmark arbeidarparti si haldning til dei samiske krava og til ein fleirkulturell samfunnsskipnad i 1924 var inspirert av sovjetisk minoritetspolitikk er av den grunn høgst truleg. På same vis som det er svært sannsynleg at det sovjetiske tankegodset også låg til grunn for Edvard Bull og Gitta Jønsson sin dissens til skolekommisjonen si innstilling om skolen i dei språkblanda områda to år seinare.<sup>31</sup>

## Den samiske «fimbulvinteren»

Samernes program frå 1924 blei ikkje følgt opp ved stortingsvalet i Finnmark i 1927, verken av Arbeidarpartiet eller av andre, og fram til 1940 er det få spor av samepolitisk motstand og kamp for kollektive samiske rettar i samband med stortingsval i Finnmark. I nordre Nordland og i det sørsamiske området heldt aktiviteten fram nokon år til, men etter at forsøket i 1927 på å få fremme eit eige samisk programtillegg etter mønster frå Finnmark fekk liten og ingen tilslutning frå partiet og partiavisene var det slutt også der. Ein epoke med nærare 20 års samepolitisk mobilisering i samband med stortingsval var over, rett nok hadde det vore eit opphør midt på 1910-talet, men før og etter hadde den samiske opposisjonen på ulike vis og gjennom ulike strategiar søkt å fremme sine kampsaker. Det skulle gå fleire tiår før ein ny samisk mothegeemonisk opposisjon gjorde seg gjeldande i det offentlege ordskiftet i Norge.

For å karakterisere mangelen på initiativ for å kjempe for kollektive samiske rettar og fråveret av offentleg etnopolitisk opposisjon og organisert motstand mot fornorskingspolitikken har omgrepet «fimbulvinter» vore nytta.<sup>32</sup> Truleg var det fleire og samansette årsaker til at den samiske mothegeemoniske opposisjonen sin kamp for kollektive samiske rettar stansa opp kring midten av 1920-talet. Dels var det eit resultat av ulike faktorar internt i det samiske samfunnet, faktorar som ikkje naudsynt var nye men som over tid gjorde samarbeid og samepolitisk aktivitet vanskeleg. For det første språkleg; nord- og sørsamar forstår ikkje ein annan, og i staden for politisk mobilisering på morsmålet, måtte i stor grad norsk nyttast som felles kampspråk. For det andre eit svakt utbygd siviltt samfunn med svært låg organisasjonsgrad, og for det tredje mangelen av ei eige samisk avis som kunne nyttast til politisk og organisatorisk mobilisering på etnopolitisk grunnlag. Dels var det eit resultat av langvarig ytre press i form av ulike typar fornorskingsiltak. Dei lang-

varige strukturelle næringsøkonomiske vanskaner for primærnæringane og dei mange økonomiske krisene var sjølvstøtt og viktige, og blei forsterka av omfattande fornorskingspress, som dels verka på dei enkelte aktørane og dels på det samiske samfunnet som heilskap.

Fråveret av ein samepolitisk opposisjon tydar ikkje at samane slutta å vere politisk aktive. I staden for etnopolitisk mobilisering kanaliserte Per Fokstad og andre som hadde vore del av den samepolitiske opposisjonen den politiske aktiviteten gjennom Arbeidarpartiet dei kommande tiåra. Fokstad var til dømes ordførar i Tana for Arbeidarpartiet i over ti år frå midten av 1930-talet og framover.<sup>33</sup>

## Arbeidarpartiet for Nord-Norge

Eg vil avslutte med å sette fram følgjande hypotese:

Årsaka til at dei samiske krava ikkje fekk gjennomslag i Arbeidarpartiet i Finnmark etter 1924 var ikkje at sentrale personar i partiet endra syn på fornorskingspolitikken eller på samanens rettar til morsmåloppføring. Årsaka var at omdreingspunktet i partiet sin politikk på regionalt plan endra seg. Landsdelen, det vil seie Nord-Norge, som politisk og økonomisk region blei no det sentrale. Ein konsekvens av dette var at det ikkje var rom for å reise etniske krav. Frå og med stortingsvalet i 1927 kom ein ny dimensjon til syne i partiet sin agitasjon i landsdelen – den nordnorske regionalismen. Arbeidarpartiet bygde her på ei allereie eksisterande forståing av landsdelen som ein særskilt kulturell og økonomisk eining innan nasjonen, ein region med særskilte problem og interesser.<sup>34</sup>


Eit døme på denne dreininga er valheftet Arbeidarpartiet gav ut framom stortingsvalet 1927: «Nord-Norge for Arbeidarpartiet. Samvirke og plan – eller gjeld og avhengighet?» Heftet var særleg retta mot dei økonomiske og sosiale tilhøva for fiskarane i landsdelen.<sup>35</sup> Dei tema som blei tatt opp og dei krav som blei sett fram var ikkje nye. Det som var nytt, var at Arbeidarpartiet såg fiskarar, småbrukarar og industriarbeidarar i Finnmark, Troms og Nordland under eitt – som nordlendingar – som ei einsarta gruppe, uavhengig av deira etniske opphav eller lokale tilknytning, i ein region som hadde særlege regionale interesser og krav.<sup>36</sup>

For Arbeidarpartiet tente den nordnorske regionalismen fleire formål. For det første til å konkretisere partiet sin politikk gjennom politiske analysar og gjennom å utmeisle politiske krav. Han tente slik som ein reiskap til å samle veljarar og til å utvikle grunnlaget for partiets politiske hegemoni. For det andre blei den nordnorske regionalismen nytta til å utlikne ei spenning mellom ulike former for sosialisme, mellom fiskarbondesosialismen og industriarbeidarsosialismen. Det var ei spenning som hadde vore til stades i arbeidarrørsla i landsdelen heilt sidan starten. Gjennom den nordnorske regionalismen blei desse motsetningane over-

skridne og gjorde det enklare å samle arbeidarrørsla til eit sterkt fellesskap. For det tredje opna det for å fokusere på landsdelen som ei eining som skulle løftast fram gjennom økonomisk modernisering og auka velferd for alle. Slik kunne partiet til ein viss grad utlikne og overskride den kulturelle spenninga mellom dei ulike etniske gruppene i landsdelen, og som i Finnmark hadde vore der sidan arbeidarrørsla voks fram på byrjinga av 1900-talet. For det fjerde innlemma regionalismen dei ulike etniske gruppene - samar, kvenar og nordmenn - i eit felles politisk prosjekt, eit prosjekt som i utgangspunktet ikkje skilde mellom etnisk opphav. Vel å merke blei dette aldri eit prosjekt som opna for kulturell pluralisme slik Samernes program og Finnmark arbeidarparti hadde tatt til orde for i 1924. For dei etniske minoritetane innebar dette at fokuset i politikken skifta frå det kulturelle til det økonomiske feltet og at det blei vanskelegare å fremme krav frå ei særskilt etnisk gruppe.<sup>37</sup> Det er samtidig ingen tvil om at den nordnorske regionalismen først og fremst bygde opp om norsk kultur og språk, og om norsk identitet på kostnad av samisk og kvensk kultur og språk.<sup>38</sup>

For samane i Arbeidarpartiet innebar partiet si nære binding til den nordnorske regionalismen at det blei mindre rom for å fremme samepolitiske krav. Som vi har sett blei det mest ikkje fremma slike krav etter 1927. Trass i at den norsk-norske regionalismen på mange vis stod i eit spennings- og motsetnadsforhold til samisk kultur og samisk identitet, representerte han også eit fellesskap, som samane kunne ha fordelar av å inngå i. Det politiske prosjektet til Arbeidarpartiet, slik det kom til uttrykk i Nord-Norge, sette fokus på landsdelens økonomiske, næringspolitiske og sosiale krav. Dette var krav som var felles for storparten av fiskarane, jordbrukarane og arbeidarane i landsdelen, uavhengig av etnisk opphav. Ved at Arbeidarpartiet løfta fram regionpolitikken fekk desse krava meir merksemd og kom høgare opp på den politiske dagsorden enn dei elles ville ha gjort. I ei tid med store økonomiske vanskar var det krav som også fant gjenklang hos samane i Finnmark og førte til at samiske krav om kollektive rettar for ei tid blei lagt vekk. Eller som Henry Minde har hevda: at samane som etnisk gruppe frå midten av 1920-talet av trekte seg tilbake frå det offentlege rom og at deira samiske identitet bare blei aktivisert i nære og trygge relasjonar det ikkje var knytt omkostningar til det å vere same.<sup>39</sup>

På kva vis den regionale orienteringa til Arbeidarpartiet førte til endringar i synet på minoritetsproblematikken og på spørsmålet om Norge som ein fleirkulturell nasjon utover 1920- og 1930-talet er usikkert. Her må ny forskning til; om den samiske opposisjonen, om Arbeidarpartiet og om relasjonen mellom dei.<sup>40</sup>



Arbeiderpartiets valghefte før Stortingsvalget i 1927 - her ble fiskere, småbrukere og industriarbeidere behandlet som en ensartet gruppe, uavhengig av etnisk tilhørighet.



## Noter

- 1 L.I. Hansen, Fra Nöteborgsfreden til Lappekodicillen, ca 1300-1751. Folkegrupper og statsdannelse på Nordkalotten med utgangspunkt i Finnmark, i S. Imsen (red.), *Grenser og grannelag i Nordens historie*, Oslo 2005.
- 2 E. Niemi, Etnisitet, nasjonalitet og grenseforhold i det nordligste Skandinavia fram til vår egen tid, i Imbsen (red.) 2005.
- 3 K.E. Eriksen og E. Niemi, *Den finske fare. Sikkerhetsproblemer og minoritetspolitikk i nord 1860-1940*, Oslo 1981: 36-47; K. Zachariassen, *Samiske nasjonale strategar. Samepolitikk og nasjonsbygging 1900-1940*. Isak Saba, Anders Larsen og Per Fokstad, Kárášjohka 2012: 26-42.
- 4 Zachariassen 2012: 43-78, 157-197 og 290-306 .
- 5 H. Minde, Samebevegelsen, det norske arbeiderparti og samiske rettigheter, i T. Thuen (red.), *Samene - urbefolkning og minoritet. Hva er grunnlaget for samenes krav om rettigheter som eget folk?*, Tromsø 1980; Eriksen og Niemi 1981; H. Minde, Den samepolitiske mobiliseringens vekst og fall ca. 1900-1940, i Ø. Sørensen (red.), *Nasjonal identitet - et kunstprodukt?*, Oslo 1994; R. Jernsletten, *Samebevegelsen i Norge. Idé og strategi 1900-1940*, Tromsø 1998; E. Niemi, Isak Saba, første same og sosialistisk pionér på Stortinget. Et hundreårsminne, i *Arbeiderhistorie*, Oslo 2006; Zachariassen 2012.
- 6 Zachariassen 2012: 240-244.
- 7 P. Fokstad, Samisk skoleplan, i A. Ræder (red.), *Den parlamentariske skolekommisjon. Utkast til lov om folkeskolen på landet*, bd. 2, Oslo 1926: 103 og 108.
- 8 O.M. Hætta, Per Fokstad. Portrett av en visjonær samisk pioner, i J.T. Solbakk og Aa. Solbakk (red.), - *dasgo eallin gáibida min soabti ja mii boabtit - mii boabtit dállán! / - selve livet kalder os til kamp og vi kommer - vi kommer straks!*, Kárášjohka 1999; Zachariassen 2012: 240-244 og 323-329.
- 9 P. Fokstad, Samiske tankar og krav, *Norsk aarbok*, 1923.
- 10 A. Helland, Norges land og folk. Topografisk-statistisk beskrivelse over Finnmarkens amt, i *Norges land og folk topografisk-statistisk beskrevet*, bd. 20, Kristiania 1905-06; Zachariassen 2012: 130-136 og 274-280.
- 11 R. Slagstad, *De nasjonale strateger*, Oslo 2001 [1998]: 115.
- 12 *Finmarken* 24/9 1924 og *Vestfinmark Arbeiderblad* 24/9 1924.
- 13 *Finmarken* 24/9 1924.
- 14 *Vestfinmark Arbeiderblad* 29/9 1924.
- 15 *Finnmark Fremtid* 1924, her frå E. Lorenz, *Samefolket i historien*, Oslo 1981: 87.
- 16 Eriksen og Niemi 1981: 276-277.
- 17 Minde 1980: 94 og 97.
- 18 *Vestfinmark Arbeiderblad* 29/9 og 15/10 1924.
- 19 P. Maurseth, *Gjennom kriser til makt (1920-1935)*, bd. 3 i A. Kokkvoll og J. Sverdrup (red.), *Arbeiderbevegelsens historie i Norge*, Oslo 1987: 170-174 og 279-306; Zachariassen 2012: 291-297.
- 20 Zachariassen 2012: 273-274 og 283-287.
- 21 Ræder 1926: 113.
- 22 Ræder 1926: 113.
- 23 Ræder 1926: 116-117.
- 24 Zachariassen 2012: 283-289.
- 25 A. Ræder, *Den parlamentariske skolekommisjon. Kommisjonens nedsettelse og enbetsskolen*, bd. 1, Oslo 1927: 5.
- 26 Zachariassen 2012.
- 27 G. Pentassuglia, *Minorities in international law. An introductory study*, Strasbourg 2002: 26-29; K. Kjeldstadli, *I nasjonalstatens tid, 1814-1940*, bd. 2, i K. Kjeldstadli (red.), *Norsk innvandringshistorie*, Oslo 2003: 449.

- 28 K. Eidlitz Kuoljok, *The revolution in the North. Soviet ethnography and nationality policy*, Stockholm 1985: 32-40 og 59-69; Ø. Ravna, *Kampen om tundraen. Neneiserne og deres historie*, Guovdageaidnu 2002: 104-110.
- 29 R. Rønning Balsvik, *Vardø. Grensepost og fiskevær 1850-1950* (bd. 2), Vardø 1989: 114-124 og 132-145; S. Wikan, *Ellisif Wessel. En biografi*, Oslo 2008.
- 30 Balsvik 1989: 114-124 og 132-145.
- 31 Det ser ikkje ut til at Per Fokstad, jf. hans skoleplanar og artiklar i åra 1921-1924 henta sitt idégrunnlag verken frå Folkeforbundet og fredsavtalane eller frå bolsjevikane.
- 32 P. Otnes, *Den samiske nasjon. Interesseorganisasjoner i samenes politiske historie*, Oslo 1970: 127; Jernsletten 1998: 142.
- 33 Otnes 1970: 126-129; Minde 1980: 98-99; Eriksen og Niemi 1981: 273-278; I. Bjørklund, *Fjordfolket i Kvænangen. Fra samisk samfunn til norsk utkant 1550-1980*, Tromsø 1985: 330-331; E.-A. Drivenes og H. Tjelmeland, Nordnorsk arbeiderbevegelse mellom region og nasjon, i Ø. Thomassen og J. Lorås (red.), *Spenningenes land. Nord-Norge etter 1945*, Oslo 1994: 253; Minde 1994: 131-138; Jernsletten 1998: 142-148.
- 34 E. Niemi, Regionalism in the North. The creation of «North Norway», i *Acta Borealia*, (2) 1993; H. Tjelmeland, *The Making of a Sub-Arctic Region. Northern Norway, 1900-2000*, Innlegg på The 19th International Congress of Historical Sciences (Specialised Themes, 9. Regions and regionalisation), 2000. Frå <http://www.oslo2000.uio.no/english/index.htm>; E. Niemi, Nordnorske regionale strategier. Fortidsforestillinger og hjemkomstmyter, i T. Thuen (red.), *Fortidsforståelser*, Bergen 2001; K. Zachariassen, Rethinking the Creation of North Norway as a Region, *Acta Borealia*, 25(2) 2008; E. Niemi, Skapingen av Nord-Norge - én eller flere regioner?, i E. Angell, S. Eikeland og P. Selle (red.), *Nordområdepolitikken sett fra nord*, Bergen 2010; S. Aas, Å eg minnest. Regionbyggere i hovedstaden. Nordlændingernes Forening 1862-2012, Stamsund 2012: 43-47, 67-93 og 261-277.
- 35 *Nord-Norge for Arbeiderpartiet. Samvirke og plan – eller gjeld og avhengighet? Valget 1927*. Utgitt på Det norske Arbeiderpartis forlag. Troms Arbeidarparti, Privatarkiv nr. 317. boks 12, legg 1902-1959. Statsarkivet i Tromsø.
- 36 Tjelmeland 2000: 7; Niemi 2001: 58; Niemi 2010: 92.
- 37 Drivenes og Tjelmeland 1997: 51.
- 38 N. Fulsås, Nordnorsk eigenart og nordnorsk identitet, i Thomassen og Lorås (red.) 1997: 221.
- 39 Minde 1994: 136-138.
- 40 Zachariassen 2012.